



Jobbnorge ID: 220126

Deadline: 3/27/2022

Website: <https://www.uib.no/om/84775/ledige-stillinger-ved-uib>

Scope: Part time

Duration: Temporary

Ønsker du deltidsjobb som studentmentor?

UiB - Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://youtu.be/vtJLmcUJ3-w>

Om mentorordninga ved Det Humanistiske Fakultet, Universitetet i Bergen

Mentorordningen ved UiB skal bidra til sosial- og fagleg integrering av førsteårsstudentar. Ordninga er for studentar i sitt første studieår, frå og med studiestart. Kvart fakultet har si eiga mentorordning for sine studieprogram.

Det humanistiske fakultet (HF) søker nå studentmentorar for haustsemesteret 2022, for perioden mellom 8. august 2022 til og med 13. November 2022.

Om stillinga

Ein mentor er ein student som har fullført minst eitt studieår, som kan bidra til at dei nye førsteårsstudentane raskare vert fagleg og sosialt integrert i sitt studium og studiemiljø, og kan gjera overgangen frå vidaregåande skule til universitet enklare. Jobben passar godt for andreårsstudentar som sjølv deltok i mentorordninga i sitt første studieår. Som studentmentor vil du gjennom planlagde samlingar og aktivitetar gjennom haustsemesteret bidra til at førsteårsstudentane raskare kjem seg inn i studentrolla og vil trivast betre på universitetet.

Dine arbeidsoppgåver som mentor

- Leia mottak for nye studentar i studiestartveka
- Gjennomføre mentorsamlingar med gruppa di gjennom haustsemesteret, i samarbeid med fakultetet
- Delta i møte med instituttet
- Delta i evalueringsmøte med fakultetet
- Det kan og vere aktuelt med andre arbeidsoppgåver

Gruppestørrelse og studieprogram

Du vil leia ei gruppe på ca. 15-25 studentar. Nokre av gruppene vil ha to mentorer.

Vi etterstreber at mentoren settast på gruppe med studentar frå same studieprogram, men mentorer må vere forberedt på å vere i ei gruppe frå eit anna studieprogram enn sitt eget.

Opplæring og kurs

Som mentor vil du delta på fleire kurs- og opplæringsdagar, der du får opplæring i rolla som mentor og den praktiske gjennomføringa av opplegget gjennom hausten. Du vil også bli følgt opp av arbeidsledar (fakultetet) og instituttet.

Arbeidstid, lønn og attest

I jobben som studentmentor tilsetjast du som vitenskapelig assistent.

Kandidatar utan oppnådd mastergrad tilsetjast som vitenskapelig assistent i kode 1018 eller 1019 avhengig av bachelorgrad, og lønnast etter lønnstrinn 35 i statens hovudtariffavtale, som svarar til timelønn på 191,18 kroner. Kandidatar med oppnådd mastergrad tilsetjast som

vitskapeleg assistent (kode 1020) og vil bli lønna etter lønnstrinn 42, som svarar til timelønn på 208,97 kroner.

Arbeidsmengda inkluderer deltaking på semesterstart, kurs, opplæring og evalueringsmøte. Totalt er arbeidsforholdet på ca. 28 timer i tilsetjingsperioden. Du vil få ein attest frå Det humanistiske fakultet etter arbeidsforholdet.

Merk deg datoane

Det forventast at du kan stille til opplæringsveke og jobbstart i veke 32. Vi har som føresetnad at alle som takkar ja til stilling møter opp på dette. Med mindre koronasituasjonen tilseier noko anna vil oppmøte denne veka vere fysisk.

Timeplan for samlingar gjennom hausten vil bli publisert saman med andre undervisningsplanar, i byrjinga av juni.

Kombinasjon med studiar og andre verv

Å være mentor er ei fin jobb å ha ved sida av studiar. Arbeidsmengda er liten nok til at det ikkje skal gå ut over eigen studieprogresjon. Vi prøvar så langt det lar seg gjere å tilpassa mentorsamlingar etter praksisperiodar o.l.

Kvalifikasjonar og eigenskapar

- Du har nylig fullført minst ett studieår på HF
- Du er komfortabel med å snakke framfor store grupper
- Du er vant til å sjekke e-post ofte og å svare raskt på henvendelser
- Du er utadvendt, empatisk og kan improvisere
- Du kan arbeide sjølvstendig, strukturert og er god til å planlegge, men samtidig også jobbe i team saman med annan mentor
- Du er motivert for å jobbe med nye studentar og for eit betre læringsmiljø på HF
- Det teller positivt viss du er, eller har vore, engasjert student i andre studentverv

Søknad og søknadsfrist

Søknadsfrist: 27. mars 2022 klokken 23:59

Søknaden leverast elektronisk via Jobbnorge. Søknaden bør seie noko om din motivasjon og ønske om å gjere disse oppgåvene.

Søknaden må inkludere:

- Studentnummer
- Studieprogrammet du går på
- Kor langt du har kome i studieløpet

I Jobbnorge skal du og fylle ut CVen din, attestert karakterutskrift frå vitnemålsportalen og eventuelle attester. Trykk «søk stillingen» på denne sida for å søke.

Aktuelle kandidatar vil få innkalling til intervju direkte frå UiB.

Generell informasjon:

Har du spørsmål? Kontakt Lise Kristiansen på epost lise.kristiansen@uib.no eller telefon 55587395, eller Tommy Kvarven på e-post tommy.kvarven@uib.no eller telefon 55583730.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskapelege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det humanistiske fakultet består av fire institutt og fire senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Additional information

Place of service:

Christiesgt. 18 5020 Bergen (Bergen Municipality)